Utdanningsforbundets ønsker for utdanningspolitikken 2025-2029:

1. Sats på betre bemanning i barnehagen

2. Sats på betre kvalitet i barnehagen – vent med løpande opptak

3. Styrk leiken sin posisjon i barnehage og skule

4. Auk motivasjonen og trivselen i skulen – reduser vurderingstrykket

5. Set lærarane og leiarane i førarsetet i utviklinga av barnehagen og skulen

6. Gjer læraryrket meir attraktivt

Utdanningsforbundet sine ønsker for utdanningspolitikken 2025-2029

Utdanningsforbundet sitt overordna mål er å skape eit godt og trygt utdanningsløp for alle, frå dei minste barnehagebarna til vaksne i utdanning. For å oppnå dette, jobbar vi for at lærarar og leiarar i barnehage og skule har rammer som gjer at dei får bruke sine kunnskapar og ferdigheiter i jobben og møter løns- og arbeidsvilkår som speglar deira viktige bidrag til samfunnet.

Her er prioriterte saker vi meiner bør inn i partia sine program i den komande stortingsperioden:

1. **Sats på betre bemanning i barnehagen – det er tid for dei minste!**

[Partiet] vil

- *arbeide for at grunnbemanninga i barnehagen blir auka, og at minst 60 prosent av dei som arbeider direkte med barna har barnehagelærarutdanning.*

Grunngjeving:

Forsking viser at dei tilsette sin kompetanse er ein av dei viktigaste enkeltfaktorane for å heve kvaliteten på barnehagetilbodet. Fleire barnehagelærarar bidreg til eit styrka fagmiljø i barnehagane, noko som bidreg til å styrke leike- og læringsmiljøet og sikrar at kvart enkelt barn får betre oppfølging.

Nok tid til å yte god omsorg, leike, støtte og utfordre barna i det sosiale samspelet gjennom heile barnehagedagen er avgjerande for at barnehagen skal vere ein god plass å vere for alle barn. Auka grunnbemanning i form av fleire barnehagelærarar vil bidra til at dei tilsette i større grad ser kvart enkelt barn og kan følgje dei opp på ein god måte. Dette vil òg bidra til at barn som treng særskild oppfølging, blir oppdaga tidlegare. Det vil også demme opp for høgt sjukefråvær.

Barnehagesektoren er prega av ei bemanningskrise, både i form av mangel på barnehagelærarar, for låg grunnbemanning og vikarproblematikk ved sjukdom. Den einaste måten å løyse dette problemet på er ei kraftig satsing på å auke grunnbemanninga med fleire barnehagelærarar. Sterkare fagmiljø i barnehagane vil i seg sjølv verke rekrutterande.

2. **Sats på kvalitet i barnehagen – ikkje prioriter løpande opptak i barnehagen no**

[Parti] vil

- *arbeide for at det ikkje vert innført løpende/rullerende opptak i barnehagen før bemanningssituasjon og antallet barnehagelærarar er kraftig betra.*

Grunngjeving:

Utdanningsforbundet er imot forslaget om å innføre løpande/rullande opptak i barnehagen på noverande tidspunkt. Vi har stor forståing for at enkelte foreldre opplever dagens opptaksreglar som vanskelege. Samstundes viser berekningar at løpande/rullande opptak er svært kostbart (opp mot 8 milliardar kroner ifølgje Finansdepartementet) utan at det bidreg til kvalitetsheving i sektoren.

Utdanningsforbundet meiner at rekkefølgja er avgjerande. Dei store ressursane må brukast på ei reell forbetring av dagens barnehage gjennom ei kraftig satsing på auka bemanning i form av fleire barnehagelærarar. Deretter kan ein på sikt arbeide for utvida opptaksordningar.

3. Styrk leiken sin posisjon i barnehage og skule

[Partiet] vil

- *arbeide for å styrke leiken sin posisjon i første- og andreklasse for å bidra til trivsel og læring for barna.*
- *verne om leiken sin plass i barnehagen og unngå å stille krav om bruk av spesifikke program, verktøy eller arbeidsmetodar.*

Grunngjeving:

Dagens tiåringar har gått nærare to skuleår meir på grunnskulen enn det som var tilfelle for barn i 1997. Likevel viser evalueringa av seksårsreforma at det har blitt mindre tid, rom og materiell til leik for førsteklassingane. Skuledagen har blitt meir lærarstyrt og strukturert, og dei faglege krava er blitt høgare.

Endringane i skulen har også ført til auka press på barnehagen. Auka forventningar om at barnehagen skal sørgje for at alle barn startar på skulen med likt utgangspunkt, står i vegen for barnehagen si moglegheit til å ivareta barnas behov for og rett til å leike. Forslag om timeplanfesting av konseptet leikbasert læring utgjer ein trussel mot barnehagen sitt faglege fundament og vektlegging av leiken si betyding for utviklinga og læringa til barn.

FNs barnekomité uttrykte i 2013 ei uro for at barn sin rett til å leike ikkje blir godt nok ivareteke. Samstundes viser forsking at leik er mellom det barn sjølv meiner er viktigast for dei.

4. Sats på motivasjon og trivsel – reduser vurderingstrykket i skulen

[Partiet] vil

- *jobbe for endringar i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for skulen slik at det i større grad fangar opp breidda i samfunnsoppdraget og bidreg til reelle forbetringar i klasserommet.*
- *arbeide for at nasjonale prøvar blir avvikla og vert erstatta med fagleg-pedagogiske verktøy, som er utforma for bruk i klasserommet på premissane til lærarar og elevar.*

Grunngjeving:

Dagens nasjonale kvalitetsvurderingssystem har store svakheiter. Systemet har negative bieffektar, og lærarar opplever at verktøya ikkje er nyttige nok i det daglege arbeidet i klasserommet.

Difor trengst det endringar, slik at systemet i større grad kan gi nyttig informasjon til lærarar og bidra til fagleg og pedagogisk utvikling i praksisfeltet framfor detaljstyring ovanfrå og dokumentasjon. Eit nytt system for vurdering må omfatte heile breidda i samfunnsmandatet og læreplanverket, støtte opp under arbeidet til profesjonen, og ha legitimitet hos leiarar og lærarar. Kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling må bygge på eit breitt kunnskapsgrunnlag, der kunnskapen og erfaringane til profesjonen, relevant forsking, kvalitative data, og informasjon om lokal kontekst inngår.

5. La lærarane og leiarane vere sentrale i utviklinga av barnehagen og skulen

[Partiet] vil

- *at lærarar og leiarar sjølve skal vurdere kva verktøy og metodar som skal brukast i den enkelte barnehage og skule.*

Grunngjeving:

Mange kommunar og private eigarar overstyrer det pedagogiske arbeidet ved å påleggje barnehagar og skular å ta i bruk spesifikke standardiserte verktøy og metodar.

Med standardiserte verktøy og metodar meiner me testar og kartleggingsverktøy, manualbaserte program som inneheld standardiserte metodar for pedagogisk arbeid med barn, og manualar og standardar utvikla av kommunane sjølve (dømevis manualar for foreldresamtalar).

Ei nasjonal sikring av lærarane sin metodefridom vil kunne fungere som ein garanti mot at alle barn i alle situasjonar skal verte vurdert ut frå fastsette standardar og verte utsett for same metodar.

Lærarar er profesjonsutøvarar som har både ei plikt og eit ansvar for å utøve skjønn i sitt arbeid. Det finst ingen fasitsvar eller standardløysingar som passar alle barn og elevar i alle situasjonar. God kvalitet er avhengig av at lærarar i skule og barnehage får bruke fagleg skjønn. Det er lærarar som best kan vurdere kva behov og føresetnader barna har, og kva som dermed er eigna pedagogiske tilnærmingar. Desse vurderingane blir gjort på bakgrunn av fagleg kunnskap og etiske vurderingar.

6. Gjer læraryrket meir attraktivt

[Partiet] vil

- *sikre skular og barnehagar nok ressursar og gjere læraryrket meir attraktivt ved å sikre lærarane nok tid og ei konkurransedyktig løn.*

Grunngjeving:

Om lag kvart femte årsverk i grunnskulen og vidaregåande opplæring blir utført av personar utan godkjent lærarutdanning, ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Samstundes ser vi at søkinga til lærarutdanningane stuper.

Konklusjonen frå internasjonale studiar på kvifor folk vel bort læraryrket er eintydig: yrkets status, arbeidsforhold og lønn er ikkje attraktiv nok til at unge vel å bli lærarar. I tillegg viser undersøkingane at ønsket om å bli eller ikkje bli lærar i stor grad er styrt av eigne opplevingar i klasserommet.

Søkninga til læraryrket er såleis lakmustesten på om arbeidsforholda til læraren blir oppfatta som attraktive. Skal vi lukkast med å auke rekrutteringa til yrket og behalde lærarane vi har, må vi heve løn og status. I tillegg må vi sørgje for at læraren har tid til å gjere jobben sin slik at barn og elevar i barnehage og skule får det beste utgangspunktet i livet.

[Partiet] vil

- *sikre alle barn og unge gode, likeverdige tenester over heile landet, uavhengig av kommunen sin økonomiske situasjon*.

Grunngjeving:

Ein sterk kommuneøkonomi er viktig for å sikre alle barn og unge gode velferdstenester som barnehage og skule. Kommunane og fylkeskommunane har i dag store utfordringar med å rekruttere og halde på kvalifiserte tilsette, mellom anna i barnehage- og skulesektoren. Samstundes er det store forskjellar i både kvaliteten og ressursbruken mellom samanliknbare kommunar. Dette utfordrar forventingane i befolkninga om likeverdige velferdstenester over heile landet.

Skal vi auke kvaliteten på barnehage og skule, må dei frie inntektene aukast ut over den demografiske utgiftsveksten (og andre føremål som tek av dei frie inntektene) slik at kommunar og fylkeskommunar får handlingsrom til å heve kvaliteten i barnehage og skule.

[Partiet] vil

- *arbeide for at kontaktlærarane i skulen har tilstrekkeleg tid til å følgje opp elevane si læring og utvikling på ein god måte*.

Grunngjeving:

Dei fleste elevane er avhengige av god og tett oppfølging frå lærarane sine for å lukkast. Det er brei semje i Skule-Noreg om at vi må fange opp elevar som slit tidlegast mogleg og gi dei ekstra oppfølging, både fagleg og sosialt. Kontaktlæraren har ei nøkkelrolle i dette, som ansvarleg for elevane si faglege og sosiale utvikling, for klassen sitt læringsmiljø og sosiale miljø, for samarbeidet med eksterne faginstansar og foreldra, og for arbeidet mot fråfall og utanforskap.

Difor er det alvorleg når berre 5 prosent av alle kontaktlærarar i grunnskulen og vidaregåande meiner dei har tilstrekkeleg tid til å utføre denne viktige jobben på ein forsvarleg måte. Nesten halvparten seier at dei har fått mindre tid til desse oppgåvene. Særleg blir kontaktlærarane sitt hæve til å følgje opp elevar som slit sosialt, eller med psykiske helseplager, ramma (Respons Analyse for Utdanningsforbundet, oktober 2019).

Skal alle elevar sikrast tett nok oppfølging og styrka tidleg innsats i skulen, må mange av kontaktlærarane få meir tid til oppgåvene sine. Tida som er sett av til kontaktlærarfunksjonen, er regulert i lærarane sin arbeidstidsavtale (45 minutt i veka i 38 veker) og har vore uendra i fleire tiår – sjølv om oppgåvene, også dei lovpålagde, har blitt fleire og meir krevjande. Det er ingenting i vegen for å auke kontaktlærarressursen lokalt, noko også enkelte kommunar har valt å gjere.

Om Utdanningsforbundet:

Utdanningsforbundet er landets nest største fagforeining og den største på utdanningsfeltet. Våre om lag 190.000 medlemmar jobbar på alle område og nivå i utdanningsløpet, frå barnehage til universitet, og er med på å forme livet, ferdigheitene og moglegheitene til barn og elevar.